

Ørsta kommune,  
Dalevegen 6,  
6153 Ørsta

28.01.2021

[postmottak@orsta.kommune.no](mailto:postmottak@orsta.kommune.no)

## Område B10, Fremre Mo, Ørsta

Område B10 på Fremre Mo er i kommunedelplan for Ørsta sentrum og Hovdebygda (frå 2015) sett av til framtidig bustadføremål med ny hovudsamleveg. Kommunen er i gang med områderegulering. I planframlegget er det lagt til rette for ei blanding mellom einebustadtomter og konsentrerte bustadformer, veganlegg og leikeplassar/friområde og gangveggar.

Ifølge planomtale revidert pr 30.10.2020 er planområdet på ca 226 daa. Av dette er ca 70 daa dyrka, om lag 80 daa er dyrkbart og om lag 21 daa er granskog, samt beitemark.

Ørsta formannskap har tidlegare gjort vedtak om offentlig ettersyn, men i samband med klargjering for utsending vart det oppdaga fleire tilhøve som gjorde at kommunedirektøren ønskte å gjera nokre korrigeringar og leggja fram ei ny sak for formannskapet. Saka med kommunedirektøren sine korrigeringar vart handsama i formannskapet 10.11.2020. I same møtet vart det og gjort vedtak om at framlegg til områderegulering skal handsamast i kommunestyret før framlegget vert lagt ut til offentlig ettersyn.

I samband med nevnte handsaming i kommunestyret har vi nokre kommentarar og innspel:

1. Det er ikkje automatikk i at eit område skal omregulerast sjølv om det er lagt til rette for dette i arealdelen av kommuneplanen og kommunedelplan. Kvar regulerings sak skal handterast for seg. Det er ikkje uvanleg at areal som i kommuneplanens arealdel eller kommunedelplan er sett av til utbygging likevel ikkje blir utbygd og seinare tilbakeført til t.d. LNF-område. Det kan vera mange grunnar til dette.
2. Slik vi les planomtalen omfattar planområdet meir enn 200 daa dyrka og dyrkbart areal, inkludert innmarksbeite. Då må vi minna om at Stortinget i 2015 vedtok *Nasjonal jordvernstrategi*, som seier at det maksimalt skal omdisponerast 4000 daa pr år på landsplan. Dette har fylkestinget i Møre og Romsdal følgd opp gjennom *Landbruksmelding for Møre og Romsdal 2017-2021*, der det heiter at Møre og Romsdal sin relative andel omdisponering skal utgjera maksimalt 200 daa pr år. *Dersom Område B10 Fremre Mo blir bygd ut vil dette utgjera ein stor del av Møre og Romsdal sin «andel» av omregulert jordbruksareal for eitt år.* I tillegg må det nevntast at Ørsta ofte ligg høgt oppe på den årlege statistikken med oversikt over omdisponering av dyrka og dyrkbar jord i fylket.
3. Utbygging, slik det er lagt opp til på Fremre Mo, vil klart gje auka klimagassutslepp i form av frigjering av karbon, redusert karbonlager og karbonbinding. Ørsta kommune har imidlertid hatt som vedtatt mål å redusera sine direkte klimagassutslepp med 20% i høve 1990-nivå innan 2020,

jfr eigengodkjenningsvedtak i kommunestyret i sak 20/10, pkt 2, den 18.3.2010. Vi kjenner ikkje til om eventuell måloppnåing er evaluert.

Ifølgje nyleg frigjevne tal frå Miljødirektoratet er det innafor planområdet lagra karbon tilsvarande om lag halvparten av berekna klimagassutslepp i Ørsta for 2019.

Det er då verdt å merka seg at *ei eventuell utbygging av Fremre Mo vil frigjera klimagassar, særleg i form av karbon, tilsvarande omlag halvparten av berekna klimagassutslepp i Ørsta i eitt år, jfr Kommunal planstrategi for Ørsta 2020 – 2024. (Kjelde: Bioforsk – rapport 162.) Vi må difor be om at det blir gjort ei grundig vurdering av om det av klimaomsyn er rett å ta i bruk dyrka og dyrkbar jord til andre formål, slik det her blir lagt opp til.*

4. Ut frå det som er nevnt i pkt 3 og dei føringar som no er lagt i høve til klimamål, vil det vera bra om det blir lagt fram eit oppsett som syner potensielt klimaavtrykk av ei eventuell utbygging.
5. Som ein del av vurderingsgrunnlaget for det som er nevnt i pkt 3 og 4 er det også naturleg at det blir foretatt kartlegging av jord og jordsmonn i planområdet. Dyrka og dyrkbar jord er ofte den rimelegaste byggegrunnen. Vi meiner at dette er samfunnsmessig feil disponering av areal, særleg når vi veit kor biologisk og kulturhistorisk verdifull matjord kan vera.
6. Det blir etterlyst meir eksakte tal for areal og arealtpar i planområdet. Vi får signal om at oppgitte tal for areal kanskje kan vera feil.
7. Ut frå det som går fram av Framlegg til reguleringsføresegner av 30.10.2020 ligg det ikkje føre plan for eller krav om etterbruk og handtering av matjorda ved eventuell utbygging. Dette må inn i reguleringsføresegnene eller heimlast på andre måtar, inkludert rekkefølgekrav.
8. Vi minner om brev til kommunane frå Landbruks- og matministeren og Kommunal- og moderniseringsministeren av 8.1.2021 om *Jordvern og FN's bærekraftsmål*. Det blir vist til at kommunane skal leggja bærekraftsmåla til grunn for si planlegging og at jordvern er ein viktig del av arbeidet med å nå måla, m.a. av omsyn til lokal beredskap, matsikkerhet og for å sikra jordbrukets produksjonsressursar over heile landet. Det blir også vist til at der sentumsutvikling er i konflikt med dyrka og dyrkbar jord skal det vera fokus på kompakt byutvikling og fortetting, samt at viktige jordbruksområder bør sikrast gjennom langsiktige utbyggingsgrenser.

*Vår samla konklusjon er at Område B10 Fremre Mo ikkje bør leggjast ut til offentleg ettersyn og at planen ikkje bør realiserast. I neste omgang bør området tilbakeførast til LNF-område.*

Presset på dyrka areal i Ørsta kommune er rimeleg stort, særleg i sentrumsnære områder. Vi meiner, av mange grunnar, at omfanget av nedbygging av dyrka og dyrkbare areal klart må reduserast.

Vi håpar at våre innspel og kommentarar kan bidra til ein god prosess og gode vedtak i saka.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen